1

Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68 | Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Bø

Emne: Bålbrenning. | Bygdelag:

Oppskr. av: Olav Nordbø. | Gard: Nordbø

(adresse): Bø, Telemark | G.nr. 54 Br.nr. 8 og 10

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigne opplevingar

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1

Her i bygda seier dei bål.

2

Ja.

3

Tida

4

Nei.

5

Nei.

6

Nei, det er gløymt

7.

Dei gikk og ville sjå sola dansa, eg har tala med gamle folk, som har hugsa det. Men om dei tende bål då, det veit eg ikkje.

14079

8

Jonsok-eftaan brende dei bål, og dei gjer så ennå.
Då kom dei saman til dans og spel. Og dei brende tjyre-tønner o. s. v.
Oppe i kvart hadde dei og serne visse staden der dei brende bål jonsok-eftaan.
Some staden heiter det jonsokberget ennå. Og vi har jonsokmoten oba for Østerli. Der samlast folk jonsok-eftaan. Det ser ut som kvart grannlag eller kvar-krins har hatt sitt bål.
Men eit stor-bål midt i bygda. Her i Bø var det ved Øterholt-brua.
Og på Jonsokbu.
Dei andre eftaane (b. c. og d.) kjenner eg lite til.

9.

Det er for gamalt å få greie på nå.

10.

Ukjendt for meg.

11, 12, 13. Kjenner eg ikkje noko til.

Staden.

14

Ja.

16

Ja.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

14079

IV

## Dei som steller med bålet

18

Alle kan vera med å brenne bål.

21

Det hender lag, t.d. Ungdomslag går på tur og brenner jonsokbål som dei samlar seg om.

22.

Det kjenner eg ikkje noko til no frå bygda.

## Korleis dei bygde bålet.

Dei laut ha seit tyre ved så det brann fyrikt og godt og logande [illegible] rundt kring i bygda. Dei såg det brann og lyste oppe i høgd og nuar.

Somme sette stranglar på ende, andre la dei ned på. Men dei hadde ofte ut berg dei brende på, ~~og~~ eller hellar og steinar

## Bål-nyrket.

Det vanlege var at dei pekk eller tok ved til jonsokbålet.

Nokon skatt har eg aldri høyrt at dei betala.

Det var felles folkefest.

14079

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

## Korleis bålet skulle vera.

31

Eg trur jamt over at jonsok-
båla var større i eldre
tid. No ser ein ofte mange
småe bål på åsar og berg.

32.

Det var rekna som gildt
å ha stort bål så det logga
og lyste så dei såg det vidt
og vidom. Difor var det
bra å brenne bål på høge
nutar og høgder som låg fritt
med vidt og fritt utsyn.

## Kva bålet skulle tene til

37

Røyken var god mot trollskap
men det galdt ikkje einast
røyken frå jonsok-bål.

39.

Eg har høyrt gamle folk har
tala om at dei tok varsel
av elden og av bål. Dei la
t.d. merke til kva leid
bålelden peika mot.
Det var varsel for fram-
tida.
Og dei la merke til at
det „sokke" (ɔ: slo til, nimnde
etter)

14079

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

## Sjølve festen ved bålet. III

40

Eg har tala med eldre folk, dei sa jonsok, medan dei yngre sa Sankthans.

42.

Eg trur at dei vaka lenger før i tida, ofte heile natta til undes. Det var gammal tradisjon. I seinare år held dei sjeldan så lenge på. Det er ikkje noko rålag, som det var i gamle dagar.

43.

Dei hadde nok sterke saker i eldre tid. I seinare tid da kaffen blei vanleg, var det vanleg å koke kaffe. og det blir bruka nå, men mange har med brennevin og.
Dei hadde nok med mat i skroppa og før i tida.

44.

Dei dansa ved jonsokbålet, ofte på eit berg eller i hard og tørr slette. Oppe i kirkja markja har dei enno ein stad som heiter Dansarberget, eit flatt berg som dei dansa på.
Det hende dei dansa på låvan.

14079
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

45

Når hjuringane gjætte i skogen brende dei bål, og dei nytta ofte kvistfar, bakkvistfar, brunog tyre o.a. Dei kalla det <u>røykjedomme</u>. Og då hoppa dei gjenom røyken og over eldmørja i bålet som låg att etter bålet som dei rame med.

Eg var sjøl som liten gjetunge vore med på dette då eg gjætte i marka (skogen) og det var gamal gjøtar-tradisjon.

## Skikken idag

49.

Idag har bålbrenninga snaut noka oppgåve anna enn for bureisarar som brenner bål på nybrotet sitt, der han brenner opp rusk og rask og røter som han har broke opp.

50.

Eg trur at skikken i nyare tid har auka. Det var ei tid – t.d. frå 1890-åra det var mindre bål-brenning.

Presten Krüger i Bø (1880-1885) møtte opp på jonsok-vaken ved Skeibakk-brua og heldt oppbyggjelse. Då blei det ein liten stopp, men dei tok til att litt seinare. – Pietismen preista tyne jonsokbål-tradisjonen serleg dansen og spelet som fylgde med.

14079
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING